

Saksbehandlar: Sigmund Tveit, teknisk leiar - Teknisk avdeling
Dir.tlf./e-post: 37185243, sigmund.tveit@amli.kommune.no
Saksordførar: #

Dato: 28.05.2008
Arkivref: 2007/760 - 21

Utv.saknr:	Møtedato:	Utval:
08/8	09.06.2008	Ungdomsrådet
08/21	10.06.2008	Administrasjonsutvalet Formannskapet Kommunestyret

OPPRUSTING / BYGGING AV NY DØLEMO SKULE OG BARNEHAGE.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:

Rådmannen er positiv til at det vert gjort noko med barnehagelokala på Dølemo.

Ny barnehage er kostnadsrekna til 6 mill.kr for inntil 20 barn, medan ei opprusting av eksisterande skulebygning til barnehage vil etter dei kalkyler som er brukt(tung ombygging) koste 4 mill. kr. Med opprusting av eksisterande skulebygning til barnehage får ein 100 kvadratmeter meir enn ved bygging av ny.

Før alternativt vert valt bør ein planlegge ei opprusting av eksisterande skulebygning på 200 kvadratmeter alternativt 300 kvadratmeter til barnehage og ei opprusting av nåverande barnehagelokale.

Plan og byggenemnda får i oppgåve å gjennomføre planlegginga av desse 3 alternativa.

Val av alternativt vert å behandle i kommunestyret innan oktober 2008.

Administrasjonen får i oppgåve å starta ein prosess for nedlegging av Dølemo og Nelaug skule frå og med skuleåret 2009/2010 som

- ivaretek det formelle ved ei nedlegging
- ivaretek foreldre og elevar sitt informasjonsbehov
- ivaretek dei tilsette sine rettar og eventuell overtallighet.
- Avklarar bruk av areal og bygningsmasse ved Nelaug skule etter nedlegging.

Det må settast inn tiltak for å betre den pedagogiske kvaliteten i skulen. Auka satsing på lesing og klasseromsleiing bør starte opp umiddelbart, medan auka differensiering på ungdomssteget bør starte seinast hausten 2009. Administrasjonen må innarbeide kostnaden ved budsjettreguleringa til hausten og ved utarbeidinga av neste års budsjett.

SAKSVEDLEGG:

- 1 Utgreiing om Dølemo barnehage og skule
- 2 Byggteikningar alt. A,B og C
- 3 Budsjettsituasjonen for Åmli kommune - notat av 29.05.08 frå økonomisjefen
- 4 Satsing på kvalitet i Åmliskulen - notat utarbeidd av leiar av skuleavdelinga Hege Lauvland.

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Kommunestyrevedtak av 21.06.2007.
Budsjettvedtak av 13.12.2008
Referat frå møte i plan- og byggenemnda.

KORT OM SAKA:

Kommunen si faste plan- og byggenemnd har i tråd med kommunestyret sitt vedtak av 21.06.2007 latt utarbeide skisseprosjekt med 3 alternative løysingar for opprusting av Dølemo skule og barnehage. Skisseprosjektet som er vedlagt er utarbeidd av Pedagogisk skulebygg v/rådgevande konsulent Odd R. Jørgensen og inneheld planskisser med kostnadsanslag og vurdering av dei ulike alternativa, utdrag av innspel frå brukarrepresentantar og foreldreutval, samt føringar for utgreiinga.

Det viser seg nå at rapporten inneheld feil i samband med utrekning av investeringstilskot til barnehagedelen. Kommunen kan velje det som er best av å trekke frå inngåande meirverdiavgift eller å motta investeringstilskot. For alle alternativa i rapporten med investeringstilskot er det best for kommunen å trekke frå inngåande meirverdiavgift, og det medfører at det for alternativa A A1, A A2 og B i rapporten må leggest til kr 930.000,- i fråfall av investeringstilskot.

Etter behandling i møte 20.05.2008 tilrår plan- og byggenemnda bygging av ny kombinert skule og barnehage på Dølemo etter alt. A1.

Kostnadsramma for dette alternativet er etter korrigering som nemnt ovanføre rekna til om lag kr 9 mill. ekskl. mva..

Kostnadsramma er med det kr.3 mill eller 50% over vedteke investeringsbudsjett. Årlege kapitalutgifter vil med det auke med opp mot kr. 345.000,- dei første åra.

Tomt for nybygg er kommunal eigedom sør for noverande bygning. Tomta er i gjeldande reguleringsplan avsett til spesialområde for aktivitet (leik og sport) i tilknytting til verksemda i området. Bygging på tomta krev reguleringsendring eller dispensasjon frå planen.

Endra økonomiske føresetnader og trong for ekstra ressursar til bl.a. satsing på kvalitet i skulen gjer at rådmannen ikkje finn å kunne støtte plan- og byggenemnda si tilråding, men gjer framlegg om kun ei forbetring av barnehagelokala og ei nedlegging av Dølemo og Nelaug skule frå skuleåret 2009/2010..

MERKNADER/VURDERING:

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i møte 21.06.2007:

Åmli kommune ynskjer å satse på Dølemo skule og barnehage.

Vi vil difor at det vert utforma ein meir heilhetleg og langsiktig plan for bygningsmasse og grunn ved barnehagen og skulen på Dølemo.

Den faste byggenemnda får i oppdrag å utarbeide planar og kostnadsoverslag på

1. *Full rehabilitering av skulebygget og evt. påbygging av barnehagen/skulen.*
2. *Nytt bygg for skule/barnehage.*

Ein samla plan, med framlegg til løysingar og kostnadsoverslag, må leggest fram som sak for kommunestyret innan utgangen av oktober.

For å løyse dei mest akutte behova, ber ein om at det blir inngått ein midlertidig avtale om leige av eit kontor/møterom i 2 etg. på Dølehall, som kan brukast når skulen har behov for rom til små grupper.

Innanfor ramma av dei bevilga 100.000,- kr. kan det leigast inn konsulenthjelp.

Plan- og byggenemnda starta arbeidet med utgreiing av Dølemo skule og barnehage først i september 2007. Fristen for å framlegge ferdig utgreiing innan oktober same år var med det ikkje mogeleg.

Utgreiing i form av skisseprosjekt som no er framlagt er utarbeidd av rådgjevande konsulent Odd R. Jørgensen i firmaet Pedagogisk skulebygg. Utgreiingsarbeidet har blitt gjennomført i nært samarbeid med brukarane, både foreldre, skule- og barnehagerepresentantar.

Innspel frå brukarane er i stikkordmessig form teke inn i utgreiingsrapporten.

Det er i framlagt skisseprosjekt vurdert 3 alternative løysingar for opprusting / nybygg for Dølemo skule og barnehage. Dei ulike alternativa er :

Alt. A - nybygg for kombinert skule og barnehage

Alt. B - nybygg for barnehage, rehabilitering av dagens skulebygg

Alt. C – Bruk av dagens bygningsmasse, rehabilitert og tilbygd, for barnehage og skule.

Det er utarbeidd to ulike planskisser for A alternativet. Innhaldet i desse er i hovudsak like, men har ulik planform og eit meir tydelegare fysisk skilje mellom barnehage og skule. Alle høyringsuttalar, med unntak av uttale frå personalet på Dølemo skule går i valget mellom desse to inn for alt. A1.

Tilråding frå plan- og byggenemnda om å bygge ny kombinert skule og barnehage etter alt A1 har støtte frå alle fag- og brukarrepresentantar i nemnda.

Løysinga er basert på at skule og barnehage vert organisert og drive som oppvekstsenter.

Ved nybygg er det av plan- og byggenemnda føresett avhending av noverande skulebygg. Det er i forhold til dette teke kontakt med Misjonsforeninga på Dølemo for avklaring av evt. overtaking av bygget. Etter dagens avtale har Misjonsforeninga som eigar av noverande barnehagelokale forkjøpsrett til bygget.

Kommunestyret vedtok under budsjettbehandling å avsette netto kr. 6,0 mill til opprusting av Dølemo skule og barnehage. I tillegg vart det sett av kr.150.000,- til innleige av ekstern prosjekt- og byggeleiing.

Byggekostnader er for dei ulike alternativ er etter korrigerering rekna til:

Alt. A1 - nybygg kombinert skule og barnehage kr. 9.000.000,-

Alt. B - nybygg barnehage, opprusting skulelokale kr. 8.790.000,-

Alt. C - rehabilitering eksist. bygg og tilbygg kr. 6.940.000,-

Byggekostnadene er rekna ekskl mva.

I overnevnte byggekostnader som angitt i utgreiingsrapport er rekna med kostnader til opparbeiding av tomt, veg, vatn og avløp for nybygg, alt. A og B. Vidare kostnader til utomhusanlegg, inventar og uføresette kostnader for alle alternativ. Byggelånsrente er ikkje medrekna, heller ikkje utgifter til prosjekt- og byggeleiing.

Det er i økonomiplanen for 2008- 2011 avsett til saman netto kr. 6,0 mill til opprusting av Dølemo skule og barnehage. Bygging av ny barnehage og skule etter alt. A1 betyr ei tilleggsløyving og auka lånoptak på kr. 3, mill. Med 6 % rente og 20 års avdragstid vil årlege kapitalkostnader auke første året med om lag kr. 345.000,-.

Rådmannen sine vurderingar.

Generelt.

Rådmannen seier seg lei for at tida har vore for kort til å få vurdert alle sider ved saka godt nok.

Rådmannen vel likevel å legge fram saka slik den nå er, då han har forstått at det har vore eit sterkt ønske frå politisk nivå.

Rådmannen foreslo i eiga sak i desember 2007 at det skulle settast ned eit utval til å gjennomgå og vurdere utfordringane knytta til val av skulestruktur. Utvalet skulle mellom anna vurdere:

- *Skulefaglege og sosial omsyn i høve til elevane si læring og utvikling*
- *Grendeskulane si betydning for å oppretthalde og vidareutvikle levande og attraktive grendesamfunn.*

Kommunestyret ønska ikkje ei vurdering på dette tidspunktet og vedtok å ta opp att saka hausten 2009.

Bakgrunnen for rådmannen sitt framlegg var naturlegvis at mykje av diskusjonen rundt dette i Åmli bygger på synsing og kjensler, ikkje på forskning og fakta. I tillegg var kommunen sin økonomiske situasjon vanskeleg og rådmannen ønska seg eit betre grunnlag for å ta riktige faglege og økonomiske val.

Fleire brikker har sia falt på plass og rådmannen ønsker i den vidare saksutgreiinga å gå gjennom dette.

Elevtalsutvikling.

Det har dei siste åra blitt fødd ca 15 barn i snitt i Åmli kommune. Det er under prognosa for folketalsutviklinga vist i revidert kommuneplan som viser 19 barn kvart år dei neste 17 åra. Uansett er det få born å dele på 3 skular.

Elevtalsutviklinga for skulane i Åmli vist i revidert kommuneplan.

Skule/År		06/07	07/08	08/09	09/10	10/11	11/12
Åmli	1.-10. kl	193	192	196	194	192	185
Dølemo	1.-4. kl	22	18	15	11	10	9
Nelaug	1.-4. kl	10	9	10	11	10	10
	5.-6. kl	11	11	6	5	4	4
Kommunen	1.-10. kl	236	230	227	221	216	208

Elevtalsutviklinga slik vi ser det nå ut frå dagens busetting.

Skule/år	2007/2008	2008/2009	2009/2010	2010/2011	2011/2012
Åmli	203	223	216	204	192
Dølemo	17	17	14	12	11
Nelaug	19	9	8	8	9
Sum	239	249	238	224	212

Økonomi

Rådmannen har bedd økonomisjefen vurdere dei store trekka i kommunen sin økonomi etter at regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem er gjort kjent og lagt inn i kommuneproposisjonen for 2009. Vurderinga er lagt ved saka som saksvedlegg. Tala viser at Åmli kommune vil få ein vekst på kr 1.6 mill i frie midlar i 2009 uttrykt i 2008 kroner. Det er likevel ikkje nok til å dekke den underdekninga på minst 3 mill.kr som rådmannen gjorde kommunestyret merksam på i saksutgreiinga til økonomiplanen for 2008 – 2011.

Det medfører at kommunestyret anten må dekke underdekninga med å auke inntektene eller ved å redusere utgiftene.

Auka inntekter

Økonomisjefen skriv i sitt notat at inntektene kan aukast anten ved å auke eksisterande avgifter eller ved å innføre nye f.eks eigedomsskatt på hus og hytter.

Reduserte utgifter

Kommunen si årsmelding for 2007 viser på side 49 korleis kommunen prioriterer innanfor utvalgte tenesteområde

Kostratal pr. 15.03.06-07-08

	År	Åmli	Vegårshei	Gjerstad
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	2005	10.341,-	16.697,-	8.541,-
	2006	3.466,-	14.164,-	314,-
	2007	7.860,-	14.517,-	4.984,-
Netto driftsutg. per innbygger 6 –15 år,grunnskuleopplæring	2005	89.114,-	74.884,-	74.851,-
	2006	90.883,-	76.423,-	76.579,-
	2007	99.769,-	81.801,-	85.561,-
Netto driftsutgifter per innbygger ,kommunehelsetenesta	2005	1.633,-	1.378,-	1.147,-
	2006	1.999,-	1.477,-	1.605,-
	2007	2.277,-	1.531,-	1.585,-
Netto driftsutgifter per innbygger, pleie- og omsorgstenesta	2005	14.391,-	14.542,-	13.607,-
	2006	15.983,-	16.364,-	13.749,-
	2007	17.680,-	17.424,-	14.568,-
Netto driftsutg. per innbygger 20 –66 år, sosialtenesta	2005	4.179,-	1.840,-	4.528,-
	2006	4.003,-	2.044,-	3.673,-
	2007	3.826,-	2.602,-	3.756,-
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta	2005	7.526,-	2.305,-	3.107,-
	2006	8.053,-	2.638,-	2.870,-
	2007	8.818,-	2.881,-	3.748,-
Netto driftsutgifter per innb., administrativ styring og fellesutgifter	2005	4.171,-	3.813,-	4.344,-
	2006	4.401,-	4.165,-	4.999,-
	2007	4.832,-	4.537,-	5.588,-

Tabellen viser at Åmli kommune bruker vesentleg meir enn dei andre kommunane til grunnskuleopplæring og barnevernstenesta. Ein viktig årsak til at vi har større utgifter til grunnskuleopplæring enn for eksempel Vegårshei er vårt desentraliserte skulemønster. Når det gjeld barnevern er det vanskeleg å finne andre forklaringar på det enn at vi har eit større behov i Åmli enn i dei andre kommunane.

Auka utgifter

Omsorgsplan for dei neste 5 åra.

Rådmannen vil gjere kommunestyret merksam på den gjennomgangen som har vore i høve til pleie og omsorgssektoren og som går fram av eiga sak til kommunestyret i juni. Gjennomgangen viser at skal kommunen oppretthalde dagens kvalitet i pleie og omsorgssektoren med den veksten som talet på eldre mellom 67 – 79 år viser, må det skje ei omfordeling i bruk av kommunen sine ressursar mellom tenesteområda. Rapporten viser at tenesteområdet undervisning er det området som peiker seg ut til å få reduserte ressursar.

Seniorpolitiske tiltak

Administrasjonen har etter sterkt påtrykk frå UNIO hatt ein gjennomgang av tiltak for å behalde våre eldre arbeidstakarar - såkalla seniorpolitiske tiltak. Eit utval frå administrasjonen og tillitsvalte har kome fram til eit sett verkemiddel som nå har vore til høyring til arbeidstakarorganisasjonane. Meininga var at saka skulle til behandling i kommunestyret nå i juni, men rådmannen har valt å stoppe saka på grunn av dei økonomiske konsekvensane saka medfører. Slik saka ligg nå vil kommunen sine utgifter til tiltak for at våre eldre arbeidstakarar skal stå lengst mogleg i stillingane medføre ei årleg meirutgift på vel 1 mill.kr.

Såkorprosjektet.

Kommunen gjennomfører nå eit prosjekt saman med Husbanken og fylkeskommunen med tanke på å auke folketalet i Åmli kommune ved å satse på å tilrettelegge for betre uteområde og meir fleksibelt bustadmarknad i Åmli sentrum og på Nelaug og for tilrettelegging både finansielt og marknadsmessig for tilflytting til tome hus og småbruk i grendane.

Prosjektet er totalt på kr 2,9 mill.kr og av dette har Husbanken finansiert kr 1.750.000,-. Det resterande er ikkje finansiert. Utgreiingsarbeidet som er sett i gong og kalkulert beløper seg til ca kr 900.000,- og det er truleg at vi nærmar oss eit forbruk på kr 1.750.000,- når attståande arbeid som ikkje er kalkulert er gjort.

Fram til nå har det nedsette Sårkornutvalet hatt fokus på utgreiingsarbeid for å legge til rette for seinare iverksetting. Kommunen vil bli ein viktig aktør i å iverksette det som er utgreidd og ein må forvente at det vil medføre vesentlege investeringar/utgifter for kommunen.

Sentralidrettsanlegg

ÅVS planlegg saman med SNU-gruppa for ÅVS eit område for skileik og eit for sykkelcross i samband med det planlagte sentralidrettsanlegget ved Åmlihallen. Det oppstarta reguleringsplanarbeidet er difor stoppa litt opp i påventa av utfallet av desse planane. Det er grunn til å tru at ei realisering av sentralidrettsanlegget med tilhøyrande aktivitetar vil medføre ei auke i både den budsjetterte investeringskostnaden og i drifta av anlegget.

Rådhus.

Det har vore stor semje om at kommunen treng eit tidsmessig rådhus for politisk og administrativ leiing. Dette både for å gje kommunen sine tilsette arbeidstilhøve i tråd med lov og forskrifter og for å legge til rette for at Åmli kommune kan konkurrere om lokalisering av interkommunale oppgåver.

Kvalitet skulen.

Gjennomsnittlege standpunktarakterar og resultatet av nasjonale prøver viser at Åmli kommune ikkje skiller seg positivt ut i høve til andre kommunar. I den seinare saksutgreiinga går det fram at det bør satsast på tiltak til ein årleg kostnad av ca kr 700.000,- for å betre desse resultatata.

Konklusjon økonomi.

Slik rådmannen ser det vil kommunestyret for mykje for tida. Kommunestyret er nødd til å foreta ei prioritering av kva kommunen skal satse på.

Kvalitet i skulen

Åmli kommune har i den gamle kommuneplanen følgjande mål under skule:

Kommunen vil satse på sterkt på det indre liv i skulen. Skulane skal gje eit tidsmessig tilbod som kvalitetsmessig ligg godt over gjennomsnittet for landet.

Årsmeldinga til kommunen for 2007 side 52 viser at kommunen har vesentlege større netto driftsutgifter per innbygger 6 – 15 år enn dei kommunane vi samanlikner oss med, utan at dette som ein skulle trur gjev seg utslag i betre karakterar enn for elevar i dei andre kommunane. Sjå både oversikt over grunnskulepoeng og standpunktarakterar i årsmeldinga og notat frå leiar av skuleavdelinga.

Rådmannen meiner at vi ikkje kan slå oss til ro med at vi scorer så lågt på nasjonale prøver og standpunktarakterar og har difor bedd leiar for skuleavdelinga om kva ho meiner bør gjerast for at våre elevar skal lære meir.

Ho peiker på 3 områder som det bør settast fokus på: (Sjå vedlegg til saka)

- Økt dugleik i lesing
- Økt differensiering på ungdomssteget
- Klasseromsleiing.

Ei slik satsing vil medføre auka årlege utgifter på ca kr 700.000,-.

Skulen skal i tillegg til det skulefaglege utvikle elevane sin sosiale kompetanse. Etter rådmannen sitt syn er dette meir utfordrande for mindre sosiale grupper fordi alders-, kjønns- og familiesamansettinga er meir varierende og derigjennom meir sårbar enn i større grupper.

Konklusjon kvalitet.

Kommunen må sette inn tiltak for å betre den pedagogiske kvaliteten i skulen. Auka satsing på lesing og klasseromsleiing bør starte opp umiddelbart, medan auka differensiering på ungdomssteget bør starte seinast hausten 2009.

Det har dei siste åra vore fødd ca 15 barn årleg i Åmli. Talet er så lite at elevane bør samlast ein plass for å skape robuste sosiale grupper.

Konklusjon

Slik rådmannen ser det bør kommunen sine utgifter til grunnskuleundervisning reduserast ved at grendeskulane leggast ned.

Vi bruker i dag 3,5 mill på grendeskulane ekskl. utgifter til bygningsmessig drift. Ei nedlegging av Dølemo og Nelaug skule vil truleg medføre ei innsparing på ca 2,5 mill.kr. årleg. Dette vil kunne skje utan at innbyggjarar mistar tenester eller at kvaliteten på tenestene går ned.

Skulen er eit av mange element for å oppretthalde levande og attraktive grendesamfunn, men etter rådmannen sitt syn ikkje det avgjerande. Det viser bl.a. folketalsutviklinga på Nelaug.

Ei samling av årskulla ved Åmli skule vil skape meir robuste sosiale grupper som vil gje større handlingsrom til læring og ved problem i gruppa.

Det bør startast ein prosess som

- ivaretek det formelle ved ei nedlegging
- ivaretek foreldre og elevar sitt informasjonsbehov
- ivaretek dei tilsette sine rettar og eventuell overtallighet.

Rådmannen er positiv til at det vert gjort noko med barnehagelokala på Dølemo. Ny barnehage vil koste 6 mill.kr for inntil 20 barn, medan ei opprusting av eksisterande skule vil etter dei kalkyler som er brukt(tung ombygging) koste 4 mill kr. Rimelegast vert nok alternativet med ei opprusting av eksisterande barnehage i Misjonsforeninga sine lokal. Med opprusting av eksisterande skulebygning til barnehage får ein 100 kvadratmeter meir enn ved bygging av ny. Før alternativ vert valt bør ein planlegge ei opprusting av eksisterande skulebygning på 200 kvadratmeter og 300 kvadratmeter og ei opprusting av eksisterande barnehage i samarbeid med Misjonsforeninga.

Alternativt framlegg til vedtak:

Det byggast ny kombinert skule og barnehage etter alternativ A1 i framlagt skisseprosjekt utarbeidd av Pedagogisk skulebygg v/Odd R. Jørgensen.

Kostnadsramma i prosjektet aukast til kr.9,0 mill eks. mva.

Byggeprosjektet finansierast med kr.9,0 mill i lån.

Kostnader til ekstern prosjekt- og byggeleiing på.kr. 150.000 kjem i tillegg til overnevnte prosjektkostnad.

Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre byggeprosjektet innafor overnevnte rammer.

Plan- og byggenemnda vurderer sjølv tidsfrist for gjennomføring av byggeprosjektet.

Plan og byggenemnda får og i oppgåve å avhende nåverande skulebygg.